

Til faste tilsette i Midt-Telemark kommune.

Tilbod om frivillig fritidsulykkeforsikring i Pareto.

Alle fast tilsette er omfatta av yrkesskadeforsikring. Vilkåra er omtalt i hovudtariffavtala (HTA) kap. 1, § 11. Denne forsikringa gjeld skader, ulykker m.v. som skjer i arbeidstida, på direkte reise mellom heim og arbeidsstad og på tenestereise. Forsikringspremien vert betalt av arbeidsgjevar.

Som eit tilbod til fast tilsette i Midt-Telemark kommune, vert det no gitt høve til å utvide denne forsikringsordninga til også å gjelde fritida. Dette er ei frivillig ordning, og premien betalast av den enkelte arbeidstakar.

Forsikringssummar:

Medisinsk invaliditet: 3G

Behandlingsutgifter: 1G

Ervervsmessig uførhet 15G

Død: 15G

Erstatningas storleik er avhengig av invaliditetsgrad/uføregrad. Erstatning for medisinsk invaliditet utbetalst frå 15 %.

F. t er premien kr. 110,- pr. år. Denne vil bli regulert kvart år.

Det er knytt visse vilkår til forsikringsutbetalingane, og desse kan du få meir informasjon om ved å ta kontakt med personalkontoret eller gå inn på heimesida til Midt-Telemark kommune, under for deg som tilsett. Ønskjer du å være med på ei slik ordning, fyller du ut vedlagt erklæring som underteiknast og returnerar den saman med underskrivd arbeidsavtale.

Nytt høvet til å bli med på ei rimeleg forsikringsordning!

Ja, eg vil utvide ulykkes- og skadeforsikringa til også å gjelde fritida. Forsikringspremien vert betalt gjennom månedlig trekk i lønn.

Namn:..... F. dato:.....

Dato:..... Underskrift:.....